



Statens vegvesen

AG Plan og Arkitektur AS
Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA



Møre og Romsdal
fylkeskommune

①

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/telefon:
Jan-Kristian Janson / 97973248

Vår referanse:
16/32050-2

Dykkar referanse:
200600004

Vår dato:
29.02.2016

Tilbakemelding på varsel om oppstart – Reguleringsplan for Fremste Teigane – gnr. 44 bnr. 2 og 54 i Hareid kommune

Viser til dykkar oversending av 26.02.2016.

Statens vegvesen har ikkje merknader til varsel om oppstart av reguleringsarbeid.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Lisbeth Smørholm
seksjonsleder

Janson Jan-Kristian

Kopi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Hareid kommune, Rådhusplassen 5, 6060 HAREID
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegene, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringer for utvikling av fylkesvegene. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegene på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø



Møre og Romsdal
fylkeskommune

AG Plan og Arkitektur AS
Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

Dato:	30.3.16
Saksbe:	JBLL
Ark.nnr./Presj.:	2020
Kopi til:	Saksdok

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2020	26.02.2016	12786/2016/REGULERINGSPLAN/1517	Anders Smith-Øvland, tlf. 71 25 82 91	30.03.2016

Hareid kommune - detaljregulering - reguleringsplan, endring - Fremste Teigane gbnr 44/2 og 54 - fråsegn til varsel om oppstart

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Kulturminne og kulturmiljø

Planområdet omfattar to automatisk freda kulturminne (117701 og 117704) som i reguleringsplan en for Fremste Teigane er satt av som kulturelt verneområde med egne føresegner. Desse kulturminna, samt ID 117703 og 117705, blei registrert i 2008 i samband med førre planprosess, men dei to sistnemnte blei frigitt og undersøkt.

Frigjevinga av dei to lokalitetane kom som eit kompromiss mellom utbygging og vern. Riksantikvaren skriv i sitt vedtak av 22.01.2010 at dei meinte Hareid kommune ville ha vore tent med å bevare Fremste Teigane som det var, men at det viktigaste var å *bevare landskapet opent kring gravhaugen* [ID 117701] *og dei busetnadsspora som kokegropene representerer* [ID 117704]. Frigjevinga av ID 117703 og 117705 blei følgeleg frigitt med vilkår om undersøking og at det blei satt av eit kulturelt verneområde omkring dei to siste kulturminna.

Området omkring Teigane er vurdert til å vere eit verdifullt kulturlandskap, også av omsyn til kulturminne frå nyare tid. I reguleringsplanen for Håbakk-Hovlid-Teigane er tunet på Teigane, like aust for planområdet, regulert til bevaring. Gardstunet og landskapet omkring er også vurdert til å vere eit kulturmiljø av høg regional verdi i regional delplan for kulturminne. Utbygging i det aktuelle området vil innebære at det gamle gardstunet på Teigane nærmast vert heilt innebygd.

Vi kan med dette ikkje akseptere utbygging i det aktuelle området, og vil med dette varsle **motsegn** til eventuelt planforslag, ved offentleg ettersyn.

Barn og unge

Vi ser av referatet frå oppstartsmøtet med kommunen at leikeplass skal vere ivareteke gjennom gjeldande reguleringsplan. Det må gjennom planarbeidet gjerast greie for leikeareala er dimensjonert til å kunne ta i mot ei utviding av planområdet.

I tillegg til leikeplass minner vi om kravet om tilstrekkeleg og egna utomhus opphaldsareal, jf. plan- og bygningsloven § 27-8 og teknisk forskrift (TEK10) kapittel 8, § 8-1 og 8-4.

Kva som er meint som tilstrekkeleg egna areal er konkret omhandla i rikspolitiske retningslinjer for barn og unge, i rettleiinga punkt 5, krav til fysisk utforming.

Dersom barn og unges interesser ikkje blir tilstrekkeleg ivareteke vil vi måtte vurdere å fremje **motsegn** til eventuelt planforslag, ved offentleg ettersyn.

Konklusjon

- Vi vil ut i frå omsynet til kulturminne og kulturmiljø på Teigane varsle a motsegn til eventuelt planforslag ved offentleg ettersyn. Heimel er kulturminnelova (kml.) og Regional delplan for kulturminne.
- Vi viser til saksutgreiinga ovanfor, krava om tilstrekkeleg og egna leike og utomhus areal. Heimel er plan- og bygningsloven § 27-8 og teknisk forskrift (TEK10) kapittel 8, § 8-1 og 8-4, rikspolitiske retningslinjer for barn og unge, i rettleiinga punkt 5, krav til fysisk utforming.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

Fagsaksbehandlar

Kulturminne: arkeolog/rådgivar Kristoffer Dahle, tlf. 71 25 89 03

Kopi:
Hareid kommune
Statens vegvesen, Region midt
NVE - Region vest, Postboks 53, 6801 Førde
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



AG Plan og Arkitektur AS
Webjørn Svendsen gate 12
6150 Ørsta

Dato:	7/4-16
Saksbeh.:	JBLL
Ark.nr./Prosjnr.	2020
Kopi til:	Sak, lakk,

Hareid kommune Detaljregulering - reguleringsendring for Fremste Teigane gnr 44 bnr2 gnr44 bnr54 Oppstart

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Saka gjeld oppstart av reguleringsplan for Fremste Teigane, eit område på om lag 5 dekar som i gjeldande kommuneplan ligg som friområde.

Landbruk

Arealet er kartlagt som fulldyrka jord, og utgjer såleis ein potensiell ressurs for matproduksjon.

Barn og unge

Arealet ligg som friområde i kommuneplanen. Dersom her blir regulert til bustader, vil det difor gå tapt eit område som vi legg til grunn kan ha ein verdi for lek og aktivitet. Det skal gjerast greie for verknadene eit slikt tap vil ha for barn og unge sine interesser. Etter rikspolitiske retningslinjer for barn og unge, så skal det ved omdisponering av areal som i planar er sett av til fellesareal, eller friområde som er i bruk eller er eigna for lek, skaffast fullverdig erstatning. Vi ber om at det gjerast greie for korleis dette skal oppfyllast i den vidare planlegginga.

Vi vil også minne om at det i rikspolitiske retningslinjer for å styrke born og unge sine interesser i planlegginga stillast krav til leikeareal. I nye bustadområde skal det pr. bueining regulerast inn minimum 50 m2 til leikeplass og andre friområde. Uteopphaldsareal for den enkelte bueining skal etablerast i tillegg. Alle bueiningar skal innan gangavstand på 50 meter ha ein nærleikeplass på minimum 200 m2, og maksimalt 20 bueiningar kan vere felles om leikeplassen. Leikeplass må vere sikra i plankart og føresegner. Likeeins skal opparbeiding av leikeareal vere sikra gjennom rekkefølge- og funksjonskrav i føresegnene:

- Leikeareal skal vere opparbeidd før første bustad kan takast i bruk
- Nærleikeplass skal opparbeidast med minimum sandkasse, benk og eit leikeapparat

Konklusjon

Vi viser til merknadene ovanfor, og ber om at desse følgjast opp i den vidare planlegginga.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Kopi:

Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Jorunn Beate Lillebø Lande

Fra: Silja Øvrelid <silja.Ovrelid@hareid.kommune.no>
Sendt: 11. april 2016 11:49
Til: Jorunn Beate Lillebø Lande
Emne: VS: Reguleringsendring Fremste Teigane - uttale kommunalteknikk
Vedlegg: Plan.pdf

Hei!

Sender her uttale frå kommunal teknisk avdeling som etterspurd i oppstartsmøtet.

Mvh

Silja Øvrelid | Planleggar
www.hareid.kommune.no

Frå: Øyvind Vassbotn
Send: 8. april 2016 15:01
Til: Silja Øvrelid <silja.Ovrelid@hareid.kommune.no>
Kopi: Nils Yngve Nupen <nils.nupen@hareid.kommune.no>; Lars Hustad <lars.hustad@hareid.kommune.no>
Emne: Reguleringsendring Fremste Teigane - uttale kommunalteknikk

Planområdet har avrenning til Gjerdselva. Ei utbygging som vist i planen vil til ein viss grad føre til redusert fordrøyning og dermed auka vassføring i elva ved flaum. Kommunalteknikk vil ikkje rå til at det vert tilført meir vatn i Gjerdselva før denne er sikra mot flaum og erosjonsskade, jamfør vedlagt tiltaksplan frå NVE.

Mvh

Øyvind Vassbotn | Ingeniør VAR
www.hareid.kommune.no

Frå: Silja Øvrelid
Send: 30. mars 2016 10:17
Til: Øyvind Vassbotn <Oyvind.Vassbotn@hareid.kommune.no>
Emne: VS: Fremste Teigane uttale

Hei!

Minner om denne.

Det må sjekkast opp om avløpssystemet har moglegheit til å ta av rennande vatn etter ny busetnad. Området vil gå frå å vere friluftsområde til å bli boligområde. Legg ved noko dokumentasjon i forhold til planavgrensing og område.

Mvh

Silja Øvrelid | Planleggar
www.hareid.kommune.no

Frå: Silja Øvrelid
Send: 24. februar 2016 14:45
Til: Øyvind Vassbotn <Oyvind.Vassbotn@hareid.kommune.no>

Kopi: Lars Hustad <lars.hustad@hareid.kommune.no>

Emne: Fremste Teigane uttale

Viser til samtale og ber skriftleg om ein uttale ang. VAR-situasjon i Fremste Teigane når det gjeld reguleringsendring av nedste området i planen.

Med vennleg helsing

Silja Øvrelid | Planleggar
Plan, utvikling, byggesak og geodata
Telefon: 70095045



www.hareid.kommune.no

5

Jorunn Beate Lillebø Lande

Fra: Kirsti Nødland <nodland@tussa.com>
Sendt: 11. april 2016 08:30
Til: AG Plan og Arkitektur AS Firmapost
Emne: REGULERINGSENDRING FREMSTE TEIGANE

AG Plan og Arkitektur

Innspel

Dato:	11.4.16
Saksbeh.:	JBLL
Ark.nr./Prosjnr.	2020
Kopi til:	Saksdok

Som tidlegare nemnt er det ikkje samsvar mellom plangrense og faktisk grense mellom 44/2 og 45/1, og det er semje mellom eigarane at det er steingarden mellom bruka som er faktisk grense. Ved eventuell frådeling frå 44/2 mot 45/1 vil det såleis sjølvstøtt vere denne grensa/steingarden som må leggst til grunn.

Eg ser elles at skuleborn stundom tek seg over kanalen og går ein snarveg langs bytet mot 45/1. Det vil såleis etter mi meining vere fornuftig å setje av ein grøn korridor, t.d. 4 m brei, langs bytet oppover til haugen. Verneområdet/friluftsområdet for haugen/røysresten synest elles å vere i minste lag med tanke på m.a. leik.

Med helsing
André Gjerde
Eigar av 45/1